

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

HG-NYTT

Nr. 30, Februar 2015

Red.: Nils Bjørn Vistad

26.02.15

Fiskefagdag avlyst inntil vidare

Som varsla om før, freista HG å få til ei fiskefagsamling over to dagar i fjor haust. Innspelet kom frå Emil Steira, HG sine medlemmer vart varsla og forespurt om interesse og organisasjonen «Hanan» (som omfattar det tidlegare Norsk Inlandsfiskelag) vart kontakta med sikte på samarbeid om gjennomføring av slik fagsamling.

Grunna begrensa interesse frå våre medlemmer (positiv respons frå bare 3 stk) og svikt i oppfylgjing frå Hanen, er slik fagdag skrinlagt inntil vidare. Vi har meldt attende til Hanen at HG gjerne er med på eit kursopplegg Hanen eventuelt måtte gjennomføre seinare, til dømes for ein større geografi enn vår. I så fall kjem vi attende til saka. Auka bruk av innlandsfiske-ressursane er i høgste grad av interesse for HG og ressurseigerane på Vidda.

Forenkling av utmarksforvaltningen

I hovudregi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har ei nedsatt faggruppe avlevert ein 40 siders fagrapport om «Forenkling av utmarksforvaltningen». I tillegg til KMD er også Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Klima- og miljødepartementet (KLD) med på arbeidet. Rapporten kan lastas ned frå KMD sine nettsider:

https://www.regjeringen.no/upload/KMD/REGA/Rapporter_2014/Rapport_faggruppe_Utmarksforvaltning_2korr.pdf.

Med utgangspunkt i regjeringserklæringa frå Sundvollen, punkt 8 om «Levende lokaldemokrati» var faggruppa hovudmandat å gjennomgå dagens forvaltningsregime i utmark, med sikte på 2 primærmål:

- 1) Vesentleg forenkling for brukarane
- 2) Større ansvar og myndighet til kommunane

Faggruppa bekrefter innleiingsvis at «utmarksforvaltningen» er kompleks og uoversiktleg, med eit uttall lover, mange myndigheitsorgan og liten heilskap. Eit hovudgrep i gruppas framlegg til betringar er at meir ansvar og mynde skal plasserast hjå kommunane. Ein legg då til grunn at kommunane har den naudsynlege kapasitet og kompetanse, eller skaffar seg dette og at ein har godt nok økonomisk og politisk handlingsrom.

For å lette arbeidet for brukarane skal kommunen ha eit «fyrstelinjeansvar» når det gjeld å ta imot søknader, formidle publikumsinnspel til rett person/organ, betjene ankesaker, levere resultat attende m.v. Brukarane skal sleppe å forhalde seg til ein jungel av personar og saksgangar, samstundes som flest mogleg beslutningar, vedtak og løyver kan bli avgjort i bygda og ikkje måtte gå til fylkeskommunen eller fylkesmannen.

Det er framlegg om at alle forvaltningsoppgaver i høve til jaktbart vilt og med omsyn til innlandsfiskeloven skal ligge hjå kommunen

For større områder, soleis Hardangervidda, ser ein for seg eit sams «utmarksstyre» på tvers av kommunegrenser og fylkesgrenser. Grunneigarinteressene er sagt å burde vera representert i dette styret. Utmarksstyret vil avløyse både dagens tilsynsutval/verneområdestyrer og villreinnemnder. Alle dagens oppgaver skal bli betjent av det nevnte utmarksstyret.

Fylkesmannens rolle er foreslått redusert til statleg samordning, spisskompetanse og legalitetskontroll

Faggruppe-rapporten tek og til orde for ei samordning av «lovjungelen» på utmarkssektoren. Her kan ein nevne naturmangfoldlova, forureiningslova, skogbrukslova, kulturminnelova, fjellova, vassdragsreguleringslova, naturoppsynslova, viltlova, beitelova etc.etc. Framlegget er at eit eige lovutval må gå vidare med dette arbeidet.

Av andre moment kan ein nevne framlegg om:

- Meir og betre registrering av aktuelle naturverdiar
- At verneområde som i heilhet ligg innanfor kommunen, blir forvalta av kommunen
- Klarare delegasjonssystem
- Samla IKT-løysing for brukarinnspel
- Alt oppsyn kanalisert til SNO (berører Fjellopsynet)
- Tydelegare rolledeling for SNO (fokus på skal-oppgaver: oppsyn og førebygging)
- Randsoneområdene
- Opplæringstilbud og veileder for kommunane

HG vil avgje uttale i samband med saka, og elles vil den bli belyst nærare under årsmøtet/vårmetet på Geilo siste helg i mars d.å. Vi reknar med at ei omtale av vår uttale i saka vil koma i neste HG-Nytt, i forkant av årsmøtet.

Høyring kvoteforslag 2015

Villreinutvalet har nett sendt ut på høyring framlegg til kvote for reinjakta hausten 2015.

Ut frå dei vurderingane som er gjort, og som blir grundig forklart i høyringsbrevet frå utvalet, ser ein det som hensiktsmessig med ei kvote på 1.200 fridyrkort og 5.800 simle/ungdyr-kort med ein kalv inkludert. Dette gir i sum 7.000 kontrollkort, og som ein ventar vil resultere i 2.000 felte rein. Dette igjen vil føre til uendra eller svak reduksjon i bestandsstorleiken. Ein reknar då med vidareføring av fredningssoner og «mulighet for effektiv kortflyt».

Villreinutvalet søker og om dispensasjon frå kravet om skriftleg samtykke av «avgivende og mottagende vald» for overføring av fellingstillatelser. Muntlig avtale må vera godt nok!

